

Skjåk kommune

# REGLEMENT FOR DELEGERING

# Reglement for delegering – Skjåk kommune

## Lovpålagte politiske organ pr. september 2016:

Organ:	Lovheimel:	Tal på medlemmer i Skjåk kommune:	Merknad:
Kommunestyret	Kommunelova § 6	21	
Formannskapet	Kommunelova § 8	5	
Ordfører og varaordfører	Kommunelova § 9		
Administrasjonsutval	Kommunelova § 25	7	
Kontrollutval	Kommunelova § 77	5	
Valstyre	Vallova § 4-1	5	= Formannskapet
Eldreråd	Eldrerådslova § 1	5	
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne § 2	5	«Brukarrådet»
Skjønnsutval	Forpaktingslova § 11	3	
Taktsutval for eigedomsskatt	Eigedomsskattelova § 8 A-3	3	
Overtakstnemnd for eigedomsskatt	Eigedomsskattelova § 8 A-3	6	
Klagenemnd for eigedomsskatt	Eigedomsskattelova § 20	5	= Formannskapet
Forliksråd	Domstollova § 27	3	

## Andre politiske organ:

Organ:	Lovheimel:	Tal på medlemmer i Skjåk kommune:	Merknad:
Klagenemnd	Forvaltningslova § 28	21	= Formannskapet
Planutval	Plan- og bygningslova § 3-3	5	= Formannskapet for kommuneplan-saker
		7	= Hovudutval for miljø og næring for reguleringsplansaker
Hovudutval for miljø og næring	Kommunelova § 10	7	
Hovudutval for helse, oppvekst og omsorg	Kommunelova § 10	7	
Utval for vilt og fisk	Kommunelova § 10	5	Valde av hovudutval for miljø og næring
Trafikksikringsutval	Kommunelova § 10	5	Valde av hovudutval for miljø og næring

## Delegering:

Delegering er overføring av mynde.

Delegering bidrar til at det blir kapasitet til å fatte vedtak.

Delegering må bygge på tillit, opeheit og eit førutseieleg system.

Delegering fungerer i eit samspel med tydelege mål, oppgåver og ressursar.

Delegering krev god rapportering og god styringsdialog på tvers av styringsnivå i organisasjonen.

## Rolledeling:

- folkevalde avklarar dei prinsipielle spørsmåla
- rådmannen behandlar enkeltsakene på grunnlag av dette



# 1 Prinsipp og gjennomgåande reglar for delegering

- 1.1 Kommunestyret vedtek budsjett, planar og andre saker som etter lovverket eller eigne vedtak skal behandlast i kommunestyret. Vidare vedtek kommunestyret saker som er av politisk eller prinsipiell karakter.
- 1.2 Faste utval etter kommunelova kan bli gjeve mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker som etter lovverket ikkje er lagt til kommunestyret eller som er delegerte til rådmannen.
- 1.3 Formannskapet fattar vedtak i saker som i noko mindre grad er politiske, men som etter gjeldande lovverk ikkje kan delegerast til rådmannen.
- 1.4 All delegering av mynde til administrasjonen til å fatte vedtak skjer til rådmannen. Rådmannen har rett til å delegere vidare til sine underordna, dersom anna ikkje er uttrykkeleg vedtatt.
- 1.5 Kommunestyret sjølv kan for enkeltsaker gjera ytterlegare delegering enn det reglementet bestemmer.
- 1.6 Når rådmannen sjølv er inhabil i ei sak der mynde er delegert til rådmannen, blir vedtaket fatta av ordføraren, med mindre anna blir særskilt bestemt av kommunestyret. Også i andre saker der rådmannen er inhabil, trer ordføraren inn i rådmannen sin stad med tilsvarande fullmakter, med mindre lov eller særskilt vedtak seier noko anna.
- 1.7 Delegert mynde kan når som helst trekkast attende og delegerande organ kan sjølv fatte vedtak i saka. Delegerande organ kan overprøve og gjera om underordna organ sitt vedtak innafor ramma av forvaltningslova § 35.

## 2 Kommunestyret

### «Kommunestyret sjølv»

Det går fram av enkelte lovparagrafar at ei rekkje saker eller sakstyper skal avgjerast av kommunestyret. I lovteksten er det gjerne brukt ordlyden «kommunestyret sjølv». Slike saker kan ikkje delegerast til andre folkevalde organ eller til administrasjonen og må derfor avgjerast av kommunestyret.

I tillegg til saker som ved lovtekst skal avgjerast av kommunestyret sjølv, skal også saker som har eit klårt overordna styringsformål avgjerast av kommunestyret.

Saker som skal avgjerast av kommunestyret:

- 2.1 Kommunens politiske organisering og reglement for politiske organ.
- 2.2 Saker om folkevalde sine arbeidsvilkår, m.a. godtgjersle for politiske verv.
- 2.3 Reglement for delegering.
- 2.4 Vedtekter, forskrifter og overordna retningsliner.
- 2.5 Kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan, økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap, årsmelding, sektorplanar etter aktuelle særlover og andre sentrale planar av betydning for kommunen si verksemd.
- 2.6 Saker om kjøp, sal eller makeskifte av fast eigedom.
- 2.7 Saker om viktige element i budsjett og økonomiplan, som fastsetjing av avgifter og prinsipp for fastsetjing av leigesatsar, eigenandelar, brukarbetaling, gebyr m.m. som ikkje følgjer av lov eller forskrift, eller er delegert til andre folkevalde organ.
- 2.8 Saker om revisjonsordning og val av kontrollutval.
- 2.9 Saker om å ta opp lån.
- 2.10 Tilsetjing av rådmann.
- 2.11 Saker om val. Formannskapet og hovudutval har likevel fullmakt til å opprette politiske arbeidsgrupper eller utval for avgrensa tidsrom.
- 2.12 Andre saker der særlovgeving viser til at vedtaket skal fattast av kommunestyret sjølv.
- 2.13 Oppretting og nedlegging av stillingar.

## 3 Formannskapet

- 3.1 Formannskapet har innstillingsrett til kommunestyret i saker innanfor sitt saksområde.
- 3.2 Formannskapet kan delegere til rådmannen.
- 3.3 Formannskapet er kommunens høringsinstans i saker som ikkje fagleg ligg under eit anna utval, og som kommunestyret ikkje sjølv skal behandle.
- 3.4 Formannskapet fastset rådmannens lønns- og avtalevilkår innanfor ramma av lov- og avtaleverk, og etter forhandlingar med rådmannen.
- 3.5 **Kommunelova**
- Formannskapet behandlar forslag til årsbudsjett, økonomiplan og skattevedtak og gir innstilling til kommunestyret (§ 8 nr. 3).
  - Formannskapet kan opprette nemnder og utval til førebunde behandling av saker eller til å utføre særskilte verv (§ 10 nr. 5).
  - Formannskapet blir gjeve mynde til å fatte vedtak i hastesaker (§ 13).
  - Formannskapet blir gjeve mynde til å vedta suppleringsval for andre organ enn formannskapet (§ 16 nr. 1).
- 3.6 **Plan- og bygningslova**
- Formannskapet er planutval og har vedtaksmynde i prinsipielle saker som vedkjem planarbeid. Dette omfattar følgjande område:
- Kommuneplanar:  
Formannskapet behandlar og innstiller til kommunestyret på kommunal planstrategi, kommuneplanens arealdel og kommuneplanens samfunnsdel (§§ 10-1, 11-1 og 11-2).
- Utbyggingsavtaler:  
Formannskapet behandlar saker som vedkjem utbyggingsavtaler og som ikkje er delegerte til rådmannen.
- 3.7 **Vallova**
- Formannskapet er valstyre.
- Kommunestyret delegerer mynde til å oppnemne stemmestyre og organisere stemmegjevinga etter §§ 4-2 og 9-3 til valstyret.
- 3.8 **Saker etter andre særlover**
- Formannskapet kan fatte vedtak i saker som er delegerte til kommunen og som kommunestyret ikkje sjølv vil behandle, eller som ved lov, forskrift eller reglement er lagt til anna fast politisk organ eller delegert til rådmannen.

## 4 Klagenemnda

### 4.1 Forvaltningslova

Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova § 28 andre ledd. <sup>1</sup>

## 5 Hovudutval for helse, oppvekst og omsorg (HOO) <sup>2</sup> Hovudutval for miljø og næring (MN)

- 5.1 Hovudutvala er oppretta av kommunestyret som faste utval og er delegerte mynde til å behandle prinsipielle saker innanfor sine område der kommunestyret sjølv ikkje vil behalde mynde eller har delegert til formannskapet.
- 5.2 Hovudutvalet kan delegere til rådmannen, og kan også opprette arbeidsgrupper e.a. etter kommunelova § 10-5.
- 5.3 Kommunestyret delegerer mynde til å avgjera saker av prinsipiell betydning innanfor hovudutvalet sitt saksområde og innanfor økonomiske rammer som kommunestyret har fastsett. Dette gjeld også mynde etter aktuelle særlover.
- 5.4 Hovudutvalet gir innstilling til kommunestyret i saker innanfor hovudutvalet sitt saksområde som skal avgjerast av kommunestyret, og som ikkje skal behandlast av formannskapet.
- 5.5 Hovudutvalet er underinstans ved vurdering av klager innanfor utvalet sitt saksområde og der vedtak er fatta av rådmannen etter delegert mynde.
- 5.6 Hovudutvalet behandlar sektorplanar som gir status som kommunedelplanar etter plan- og bygningslova og innstiller til formannskapet.
- 5.7 Hovudutvalet behandlar sektorplanar etter aktuelle særlover som ikkje gir status som kommunedelplanar og innstiller til kommunestyret.
- 5.8 Hovudutval for miljø og næring har mynde til å vedta mindre reguleringsplanar (§ 12-12, andre ledd), og mindre endringar (§ 12-14, andre ledd).

## 6 Administrasjonsutvalet

### Kommunelova

Administrasjonsutvalet er partssamansett utval heimla i § 25. Administrasjonsutvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

---

<sup>1</sup> Kommunestyresak 12/17 23.02.2017

<sup>2</sup> Kommunestyresak 21/18 22.03.2018

## **7 Kommuneoverlegen Smittevernlegen**

### **Folkehelselova**

Kommunestyret delegerer mynde innan miljøretta helsevern til kommuneoverlegen (§ 9, andre ledd), dersom dette pga. tidsnaud er nødvendig for at kommunen sine lov- og forskriftspålagte oppgaver skal kunne bli utførte.

### **Smittevernlova**

Kommunestyret skal peike ut ein av kommunelegane til å utføre lovpålagte oppgaver etter smittevernlova, jf. § 7-2.

## **8 Lom og Skjåk brannstyre**

Kommunestyret delegerer mynde etter brann- og eksplosjonvernlova med forskrifter til Lom og Skjåk brannstyre (forskrift om organisering av brannvesen § 2-2).

## **9 Ordføraren**

- 9.1 Ordføraren er kommunens rettslege representant og skriv under på kommunens vegne i alle tilfelle der mynde ikkje er tildelt andre, jf. kommunelova § 9 pkt. 3.
- 9.2 Kommunestyret delegerer tilvisingsrett til ordføraren i dei tilfelle der rådmannen er inhabil.
- 9.3 Kommunestyret delegerer mynde til å avgjera permisjonssøknader for folkevalde til ordføraren. Dette inneber ikkje søknad om permisjon frå politiske verv.
- 9.4 Ordføraren er Skjåk kommune sin representant i generalforsamlingar, årsmøte og liknande der kommunen skal vera representert, og der det ikkje særskilt er oppnemnt andre. Ordførar kan gje andre mynde til å delta.
- 9.5 Ordføraren avgjer om ei sak er av prinsipiell betydning i samråd med rådmannen, dersom det ikkje klårt går fram av delegeringsreglementet. Saka kan takast opp til vurdering i formannskapet, og om nødvendig til kommunestyret.



## 10 Rådmannen

### 10.1 Generell mynde

I medhald av kommunelova § 23 nr. 4 er rådmannen delegert mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell betydning. Rådmannen har ei sjølvstendig plikt til å vurdere innhaldet i kvar enkelt sak for å sikre at det berre er ikkje-prinsipielle saker som blir behandla av rådmannen sjølv og administrasjonen. Ved tvil om ei sak er av prinsipiell betydning, eller ved tvil om korleis saka skal behandlast i det politiske systemet, er det i første instans rådmannen og ordføraren som har ansvaret for å avklare dette. Avgjersla ligg hjå ordføraren, som også kan ta saka til formannskapet for vurdering. Dette gjeld med mindre lov eller forskrift legg myndet til særskilt organ.

10.2 Rådmannen er delegert mynde til å treffe vedtak i medhald av særlovgeving med mindre det er gjort unnatak i det enkelte tilfelle eller noko anna er bestemt i vedkomande særlov.

10.3 Rådmannen kan delegere mynde vidare (subdelegere). Dette skal skje skriftleg.

10.4 Rådmannen skal sørge for at alle saker som blir lagt fram for politiske organ er forsvarleg utgreidde, og at vedtak blir sette i verk.

10.5 Rådmannen er underinstans når klager skal behandlast etter reglane i forvaltningslova § 28, andre ledd, t.d. der Fylkesmannen er klageinstans.

10.6 Rådmannen har fullmakt til å utføre løpande oppdateringar i delegeringsreglementet som følgje av lovendingar.

10.7 I krisesituasjonar har rådmannen utvida fullmakter i samsvar med «Beredskapsplanverk for Skjåk kommune».

### 10.8 Personalsaker m.m. – delegering etter kommunelova § 24 nr 1

Rådmannen er delegert mynde til å

- Opprette og leggje ned stillingar innanfor vedteke budsjett, og til å fatte vedtak i personalsaker.
- Tilsetje og seie opp medarbeidarar, herunder fastsetja lønn ved tilsetting.
- Gjennomføre og godkjenne lokale lønnsforhandlingar, med unnatak av lønn til rådmannen.

Rådmannen kan ikkje subdelegere mynde til å suspendere, gi avskjed eller seie opp tilsette.

### 10.9 Økonomiske saker m.m. – delegering etter kommunelova § 23 nr. 4

Rådmannen har delegert mynde til å

- Tilvise alle rekningar til utbetaling, i tråd med rekneskapsforskriftene.
- Regulere driftsbudsjettet innanfor eit definert ansvarsområde. Slik regulering må ikkje medføre konsekvensar av prinsipiell karakter, og må ikkje bryte med kommunestyrets intensjonar i budsjettvedtak eller andre vedtak. Delegeringa gjeld både inntekts- og utgiftspostar (nettobudsjettering).

- Utføre alle enkeltinnkjøp som har dekning innanfor gjeldande driftsbudsjett, og som er innanfor reglane i Lov om offentlige anskaffelser.
- Inngå avtaler på vegne av kommunen dersom desse ikkje medfører økonomiske plikter ut over fire år, og elles er i tråd med budsjettvedtak, handlingsplan eller andre politiske vedtak.
- Leige ut kommunale bygg og anlegg.
- Forvalte Husbankens låne- og tilskottsordningar for unge og vanskelegstilte etter retningsliner vedtekne av kommunestyret.
- Fråfalle kommunal pant eller vike prioritet for lån.
- Fråfalle pant ved tvangssal eller frivillig sal av eigedom, der det ikkje blir oppnådd full dekning for kommunens krav.
- Inngå avtaler om nedbetalingsordningar for kommunens krav.
- Akseptere bod ved tvangsauksjon som er kravd av kommunen.
- Avskrive tap på fordringar på beløp inntil kr 25 000.
- Representere kommunen ved konkursar og tvangsauksjonar for å ivareta kommunens økonomiske interesser.

#### 10.10 **Melding om straffbare forhold m.m.**

Rådmannen er delegert mynde til å

- Kreve påtale på vegne av kommunen, og til å fremme eventuelle sivile rettskrav kommunen måtte ha i samband med saka, jf. straffeprosesslova § 229.
- Ta ut forliksklage i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.
- Følgje opp rettsaker, gi tilsvar og andre prosesshandlingar.

## 11 Ymse

### 11.1 **Kommunal vigsling**

I medhald av Forskrift om kommunale vigsler av 18. september 2017 har ordførar og varaordførar samt kommunalsjef Hilde Reitan mynde som vigsjar frå 1.1.2018. (Jf. vedtak i sak 68/17 26.10.2017 i Skjåk kommunestyre).